ETNE KOMMUNE
SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Formannskap	06.12.2012	107/12	OIV
Formannskap	05.02.2013	020/13	OIV

Sakshandsamar:	Arkiv: N-130.11	Arkivsaknr:
Odd Inge Vestbø		2012001285

ALTERNATIV TOMT TIL AKTIVITETSHUS - ETNE JEGER OG FISKERFORENING- TONGANE

Vedlegg i saka:

Skriv dags. 14.08.2012 frå Etne Jeger og Fiskerforening v/Arne Birkenes
Skriv dags. 23.08.2012 frå Etne, Ølen og Vindafjord Trev og Hestelag v/Øyvind Thorson
Kart i m.st. 1:1000 som viser omsøkt areal ved Etneelva på Tongane med alternativ plassering
Kart i m.st. 1:2000 som viser elveosen
Skriv frå Æ.medlem i E.J.F Arne Birkenes.

Utrykte saksdokument:

Tidlegare saksgang om andre alternativ

Saksgang:

Formannskapet for prinsippgodkjenning
Utvikling for evt. handsaming av reguleringsendring

Utskrift til:

Etne Jeger og Fiskerforening v/Arne Birkenes
Utvikling til orientering og evt. oppfølging
Naboar og andre aktuelle partar

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Handsaming av søknad om alternativ tomt for aktivitetshus på Tongane ved Etneelva inne i friluftsområdet

2. Bakgrunn for saka:

Etne Jeger og Fiskerforening har hatt andre alternativ på nordsida av Etneelva tidlegare, men gått ifrå dette pga flaumfare og kostnader m.a. for å sikre seg mot dette.
Denne søknaden gjeld eit nytt alternativ nord for Tongane Industriområde – delvis inne i området som vart omregulert frå friområde til industriområde for nokre år sidan – pga Hamre AS sine behov.

3. Problemstilling:

Er omsøkt alternativ ei grei lokalisering av eit aktivitetshus og klubbhus for Etne Jeger og Fiskerforening som ikkje gir negative konsekvensar for omgjevnaden?

4. Vurdering:

Etter at søknaden har vore kjent ei tid, er det kome fleire innspel i saka. Den første merknaden kjem frå Etne, Ølen og Vindafjord Trav- og Hestelag v/Øyvind Thorson, som tilbyr samarbeid for å få reist eit aktiviteshus, men Etne Jeger og Fiskerforening meiner bestemt at dette ikkje er aktuelt pga svært ulike interesser i området der det framtidige Hestesportsanlegget er lokalisert – i kommunedelplanen.

Grunneigar av naboareal på nordsida – Sigve Fitje – har signalisert at han er sterkt mot etablering av eit aktivitetshus/klubbhus i eit område som dei har fått rett til å bruke, så lenge ikkje Etne kommune har bruk for det.
Det vert hevda at endra bruk her vil føre til restriksjonar for landbruket på naboeigedomane t.d. når det gjeld spreiing av naturgjødsel m.m.
I tillegg vil grunneigar av «Julaskår» ikkje lenge legge velvilje til grunn for bruk av badeplassen, dersom dette aktivitetshuset vert reist på Tongane.

Det er gjeldande reguleringsplan som styrer arealbruken både på nord- og sørsida av elveosen, og ein kan fort komme i den situasjon at «Julaskår» må løysast inn.

På sørsida må det gjerast ei reguleringsendring før tomta kan nyttast til aktiviteshus, og denne endringa må omfatte både tilkomst, parkeringsplass og eit uteopphaldsareal i tillegg til sjølve aktivitetshuset.

Ein er sterkt tvilande til etablering av eit aktivitetshus/klubbhus så nær eit indistriområde fordi det lett kan verte konflikt mellom ulike interesser.

Det er meir naturleg å etablere aktivitetshus i samarbeid med Etne, Ølen og Vindafjord Trav- og Hestelag, fordi det er mogeleg å få felles nytte av t.d. tilkomstveg, parkeringsplass, utomhusareal, og ikkje minst i samband med Etnemarknaden.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Etne kommune er sterkt skeptisk til samanblanding av fritidsaktivitetar og vanleg aktivitet i industriområdet på Tongane, og vil rå i frå dette alternativet. Etne kommune støtter eit alternativ der samlokalisering av aktivtetshus for både Etne Jeger og Fiskerforening og Etne, Ølen og Vindafjord Trav- og Hestelag vert etablert.

06.12.2012 FORMANNSKAP

Roger Nilsen (Frp) fremma følgjande forslag:
«Saka vert utsett i påvente av synfaring.»

RØYSTING:

Forslaget frå Roger Nilsen (Frp) samrøystes vedteke.

Etter dette ligg det føre slikt

F-107/12 VEDTAK: (samrøystes)

Saka vert utsett i påvente av synfaring.

020/13: ALTERNATIV TOMT TIL AKTIVITETSHUS - ETNE JEGER OG FISKERFORENING- TONGANE

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Etne kommune er sterkt skeptisk til samanblanding av fritidsaktivitetar og vanleg aktivitet i industriområdet på Tongane, og vil rå i frå dette alternativet. Etne kommune støtter eit alternativ der samlokalisering av aktivtetshus for både Etne Jeger og Fiskerforening og Etne, Ølen og Vindafjord Trav- og Hestelag vert etablert.

06.12.2012 FORMANNSKAP

Roger Nilsen (Frp) fremma følgjande forslag:
«Saka vert utsett i påvente av synfaring.»

RØYSTING:

Forslaget frå Roger Nilsen (Frp) samrøystes vedteke.

Etter dette ligg det føre slikt

F-107/12 VEDTAK: (samrøystes)

Saka vert utsett i påvente av synfaring.

05.02.2013 FORMANNSKAP

Ingemund Berge (Krf) fremma følgjande forslag:
«Etne Formannskap ser positivt på at Etne Jeger og fiskeforening sine planer om å byggja eit klubbhus på område det er søkt om.»

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (SP) fremma følgjande endringsforslag:
«2. setning i tilrådinga frå rådmannen går ut.»

RØYSTING:

Tilrådinga frå rådmannen og endringsforslaget frå SP opp mot forslaget frå Krf.

Tilrådinga frå rådmannen og SP fekk 5 røyster.

Forslaget frå Krf fekk 2 røyster og fall.

Endringsforslaget frå SP samrøystes vedteke.
Tilrådinga frå rådmannen fall.

Etter dette ligg det føre slikt

F-020/13 VEDTAK: (samrøystes)

Etne kommune er sterkt skeptisk til samanblanding av fritidsaktivitetar og vanleg aktivitet i industriområdet på Tongane, og vil rå i frå dette alternativet.